

1998-12-31 nr 1490: Forskrift om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av svin.

Bruk av basen forutsetter at du samtykker i betingelsene i brukeravtalen.

DATO: 31.12.1998 nr. 1490
DEPARTEMENT: LD (Landbruksdepartementet)
AVD/DIR: Avdeling for matproduksjon og helse
PUBLISERT: Avd I 1998 2552
IKRAFTTREDELSE: 01.01.1999
SIST-ENDRET:
ENDRER: F14.10.1994 nr. 932
GJELDER FOR: Norge
HJEMMEL: L08.06.1962 nr. 4 § 3

INNHold

Forskrift om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av svin.
Kapittel I. Formål, virkeområde og definisjonar

- § 1. *Formål*
- § 2. *Virkeområde*
- § 3. *Definisjonar*

Kapittel II. Generelle vilkår

- § 4. *Opphav*
- § 5. *Identifikasjon*
- § 6. *Helsesertifikat*
- § 7. *Transport*

Kapittel III Krav til helsestatus

- § 8. *Generelt*
- § 9. *Munn- og klauvsjuka*
- § 10. *Brucellose*
- § 11. *Klassisk svinepest*
- § 12. *Smittsamt blæreutslett hjå gris (SVD)*
- § 13. *Smittsam griselammelse (Teschén disease)*
- § 14. *Pseudorabies - Aujeszky's disease (AD)*

Kapittel IV. Avsluttande vilkår

- § 15. *Tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel*
- § 16. *Utgifter*
- § 17. *Fritak*
- § 18. *Sikringstiltak*
- § 19. *Straffevilkår*
- § 20. *Iverksetjing og overgangsordningar*

Vedlegg A. Administrative einingar som tilsvarar region

Vedlegg B. Liste over godkjende tredjeland

Forskrift om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av svin.

Fastsett av Landbruksdepartementet 31. desember 1998 med heimel i lov av 8. juni 1962 nr. 4 om tiltak mot dyresjukdommer (husdyrloven) § 3, jf. EØS-avtalen vedlegg I (Rdir. 64/432/EØF og Rdir. 72/462/EØF).

Kapittel I. Formål, virkeområde og definisjonar

§ 1. Formål

Formålet med denne forskrifta er å førebyggje spreiding av smittsame sjukdommar i samband med innførsel og utførsel av levande tamsvin.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld dei dyrehelsemessige vilkåra ved innførsel og utførsel innanfor EØS, samt innførsel frå tredjeland av levande tamsvin som skal brukast i avl, til produksjon eller slakt.

Forskrifta gjeld ikkje dyr som deltar på kulturelle eller sportslege hendingar.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta meiner ein med:

- 1. *Avlsdyr*: Svin som skal nyttast i avl.
- 2. *Produksjonsdyr*: Smågris innsett med tanke på framføring til slakt.
- 3. *Slaktedyr*: Svin som skal først rett til slakteri.
- 4. *Driftseining*: Ei landbruksverksemd der det jamt vert halde eller alt opp dyr, eller ei offentleg godkjent verksemd for forretningsmessig omsetnad av dyr.
- 5. *Buskap*: Alle dyr innanfor same driftseining med slik kontakt at smitte kan overførast, også indirekte.
- 6. *Region*: Eit område av eit land som er minst 2.000 km², som er under offentleg veterinærkontroll og som inneheld minst ein av dei administrative einingane som er nemnt i vedlegg A til denne forskrifta.
- 7. *Epizootifri sone*: Eit område med ein diameter på 20 km der det dei siste 30 dagane ikkje har vore utbrot av munn- og klauvsjuka, smittsam blæreutslett eller smittsam griselammelse.
- 8. *Offentleg veterinær*: Veterinær som er gjeven offentleg mynde av kompetent sentral styresmakt i det aktuelle landet.
- 9. *Offentleg godkjent laboratorium*: Eit laboratorium som er godkjent i avsenderlandet til å utføre dei diagnostiske testane som er omtala i denne forskrifta.
- 10. *Buskap fri for brucellose*: Buskap som tilfredsstiller krava i Rdir. 64/432/EØF vedlegg A, II B med omsyn til fråvær av sjukdom.
- 11. *Tredjeland*: Land som verken er medlem i Den Europeiske Union eller som gjennom EØS-avtalen har inngått avtale med EU om handel med levande svin.

Kapittel II. Generelle vilkår

§ 4. Opphav

Dyr som skal innførast eller utførast innanfor EØS skal komma frå driftseining som er godkjent og registrert i eit offentleg register jamfør forskrift om kontroll av levende dyr, annet avlsmateriale og animalsk avfall ved innførsel til Norge. Dei skal i 30 dagar før sending eller sidan fødsel, ha opphalde seg på same driftseining som skal liggje i ei epizootifri sone.

Svin som er innførte til avsenderlandet skal komma frå eit land innanfor EØS eller frå eit tredjeland som er godkjent.

Det er berre tillate å innføre svin frå tredjeland eller regionar av tredjeland som er godkjende i samsvar med Rdir. 72/462/EØF. Liste over slike land og område framgår av vedlegg B. Avls- eller produksjonsdyr skal ha opphalde seg i avsenderlandet samanhengande i minst 6 månader eller sidan fødsel, og slaktedyr minimum 3 månader eller sidan fødsel.

Svin som blir innførte frå tredjeland skal ikkje takast inn i nokon buskap utan godkjenning frå Statens dyrehelsetilsyn - distriktsveterinæren. Dyra eller eventuelt heile driftseininga skal deretter isolerast i minimum 30 dagar.

§ 5. Identifikasjon

Dyra skal vere merkte med øyremerke eller annan identifikasjon som er godkjent i avsendarlandet.¹ Det einskilde dyret skal vere identifisert og registrert, slik at det er råd å finne ut kva land og buskap det kjem frå.

1 Jf. forskrift av 31. desember 1998 nr. 1481 om merking og registrering av dyr.

§ 6. Helsesertifikat

Med dyra skal det følgja eit helsesertifikat i original skrive ut av den lokale offentlege veterinæren på eit standardformular utarbeidd av eller godkjent av Statens dyrehelsetilsyn - Sentralforvaltinga, etter modell i Rdir. 64/432/EØF. Helsesertifikatet skal vere på eitt ark og minst vere på dei språka som blir nytta i avsendar- og mottakarlandet.

Helsesertifikatet skal skrivast ut på avsendardagen og er gyldig i 10 dagar. Kvart helsesertifikat skal berre omfatta dei dyra som blir transporterte med same transportmiddel, og som skal frå ei og same driftseining til ein mottakar.

§ 7. Transport

Transport av svin skal foregå på ein slik måte at det ikkje blir smittemessig kontakt med andre klauvdyr. Transportmiddel skal vaskast og desinfiserast med eit godkjent desinfeksjonsmiddel både før og straks etter transporten ved eit godkjent anlegg for vask og desinfeksjon. Avføring, avfall, f<03>r eller andre ting må ikkje falle av under transporten, og skal deretter takast hand om og destruerast.

Med transporten skal det følge med skriftleg dokumentasjon om tidspunkt for lessing og lossing, kor mange dyr og stad og tid for vask og desinfeksjon.

Det skal også følge med ei skriftleg fråsegn om at sjåførar og anna hjelpepersonell er kompetente og har den naudsynte opplæring.

Transportør skal lage ein oversikt for kvart kjøretøy som nyttast til transport av dyr. Registreringa skal innehalde informasjon om stad og dato for henting og levering av dyr, navn og adresse til avsendar og mottakar, art og kor mange dyr som fraktast, stad og dato for desinfeksjon, detaljar frå følgedokumentar som til dømes serienummer. Oversikta skal oppbevarast i minst tre år.

Kapittel III Krav til helsestatus

§ 8. Generelt

Dyra skal ikkje visa teikn på sjukdom ved sending.

Dyra skal ikkje vere pålagde nedslakting i samband med utbrot av rabies, brucellose, miltbrann, munn- og klauvsjuka, klassisk svinepest, smittsamt blæreutslett (SVD), afrikansk svinepest eller nasjonalt nedkjempingsprogram for smittsam sjukdom og heller ikkje komma frå ei driftseining som det er lagt offentlege restriksjonar på. Med mindre anna er sagt i denne forskrifta skal det ikkje ha vore utbrot i driftseininga av sjukdommar som kan overførast med svin dei siste 30 dagane eller ha vore smittekontakt som kan føra til slik sjukdom.

Dyra skal ikkje komma frå regionar som dei siste 12 månadene har hatt utbrot av eller har praktisert vaksining mot afrikansk svinepest.

Dyra skal komma frå driftseining som ikkje har hatt tilfelle av miltbrann dei siste 15 dagane før sending. For svin frå tredjeland er fristen minst 30 dagar.

§ 9. Munn- og klauvsjuka

Avls- og produksjonsdyr frå EØS skal komma frå driftseining som ligg i ei epizootifri sone der det ikkje har vore utbrot av munn- og klauvsjuka dei siste 3 månadene.

Slaktedyr skal komma frå ei driftseining som ikkje er pålagt restriksjonar for munn- og klauvsjuka. Dersom det har vore

utbrot, og alle mottakelege dyr ikkje er slakta, skal det gå minimum 30 dagar frå siste tilfelle før levande svin kan flyttast ut frå buskapen.

Ved innførsel frå eit land innanfor EØS som har vore fritt for munn- og klauvsjuka dei siste 2 åra, som ikkje har praktisert vaksining dei siste 12 månadene, og som ikkje har gjeve løyve til import av munn- og klauvsjukevaksinerte dyr dei siste 12 månadene, skal det følgja med dyra ei fråsegn frå offentleg veterinær om at dyra ikkje er vaksinerte mot munn- og klauvsjuka.

Ved innførsel frå eit land innanfor EØS som har vore fritt for munn- og klauvsjuka dei siste 2 åra, men der det dei siste 12 månadene har vore praktisert vaksining, skal det følgja med ei fråsegn frå offentleg veterinær som stadfestar at følgjande vilkår er oppfylte:

- 1. Dyra er ikkje vaksinerte og har reagert negativt på både virus- og antistofftest.
- 2. Dyra har vore isolerte i avsendarlandet enten i driftseininga eller på karantenestasjon i 14 dagar under overvaking av offentleg veterinær. Dyra i eininga eller stasjonen skal ikkje vere vaksinerte mot munn- og klauvsjuka i løpet av dei siste 21 dagane før sending og ingen andre dyr enn dei som skal sendast saman har blitt førte inn i driftseininga eller karantenestasjonen dei siste 21 dagane før sending.
- 3. Dyra skal setjast i karantene i mottakarlandet i 21 dagar.

Ved innførsel frå eit land innanfor EØS som ikkje har vore fritt for munn- og klauvsjuka dei siste 2 åra, gjeld krava i fjerde ledd, med unntak av at det ikkje er tillate å nytta driftseininga som dyra kjem frå, som isolasjonslokale.

Ved innførsel frå tredjeland skal landet ha vore fritt for munn- og klauvsjuka dei siste 2 åra før innførsel. Dersom det har vore praktisert vaksining av dyr dei siste 12 månadene, gjeld krava i fjerde ledd.

§ 10. *Brucellose*

Avls- eller produksjonsdyr skal komma frå ein buskap fri for brucellose og driftseining der det ikkje har vore tilfelle av eller restriksjonar pålagde på grunn av brucellose dei siste 3 månadene. Dyr som er eldre enn 4 månader skal ha reagert negativt på ein serologisk brucellosestest. Testen skal være utført dei siste 30 dagane før sending av eit offentleg godkjend laboratorium etter ein godkjend metode.

§ 11. *Klassisk svinepest*

Svin skal komma frå område som ikkje er omfatta av restriksjonar på grunn av klassisk svinepest.

Svin frå tredjeland skal komma frå regionar som har vore frie for klassisk svinepest og der det heller ikkje har vore praktisert vaksinasjon mot sjukdommen dei siste 12 månadene.

§ 12. *Smittsamt blæreutslett hjå gris (SVD)*

Avls- eller produksjonsdyr skal komma frå ei driftseining som har vore fri for smittsamt blæreutslett i minst 3 månader.

Slaktedyr skal komma frå driftseining som har vore fri for smittsamt blæreutslett i 30 dagar.

Ved innførsel frå tredjeland skal dyra komma frå land som ikkje har hatt utbrot av sjukdomen dei siste 6 månadene og som heller ikkje har praktisert vaksining dei siste 12 månadene.

§ 13. *Smittsam griselammelse (Teschen disease)*

Avls- eller produksjonsdyr skal komma frå ei driftseining som har vore fri for smittsam griselammelse i minst 3 månader.

Slaktedyr skal komma frå driftseining som har vore fri for smittsam griselammelse i minst 40 dagar.

Ved innførsel frå tredjeland skal dyra komma frå land som ikkje har hatt utbrot av sjukdomen dei siste 12 månadene.

§ 14. *Pseudorabies - Aujeszky's disease (AD)*

For avlsdyr er det følgjande krav:

- 1. AD skal være meldepliktig i avsendarlandet.
- 2. Det skal ikkje ha vore verken kliniske, patologiske eller serologiske teikn på AD eller vaksinasjon mot AD i

buskapen dei siste 12 månadene.

- 3. Dyra skal ha vore isolerte i godkjende lokale i 30 dagar før sending.
- 4. Dersom buskapen er vaksinert, skal det berre ha vore brukt ein G1 deleted vaksine eller tilsvarande der immunsvaret kan skiljast frå immunsvaret mot feltvirus. Etter 21 dagar i isolasjon skal dyra testast for smitte av feltvirus med negativt resultat i samsvar med Kvedtak 93/24/EØF.

For gris som skal førast fram til slakt gjeld punkt 1 - 4 i første ledd. Dyra treng likevel ikkje testast dersom dei kjem frå ein buskap som er med i eit offentleg overvakingsprogram i samsvar med Kvedtak 93/24/EØF.

For slaktegris gjeld punkt 1 i første ledd. Det skal ikkje ha vore påvist AD i buskapen dei siste 3 månadene og eventuell vaksine skal vere av type som under første ledd, pkt. 4.

Kapittel IV. Avsluttande vilkår

§ 15. Tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel

Dyra og dokumenta som følger disse skal kontrollerast ved innførsel og utførsel i samsvar med forskrift om tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel av levende dyr, annet avlsmateriale og animalsk avfall.

§ 16. Utgifter

Alle utgifter i samband med innførsel og utførsel av levande svin er uvedkommande for det offentlege.

§ 17. Fritak

Statens dyrehelsetilsyn - Sentralforvaltinga, kan frita frå krava i denne forskrifta og setja vilkår for slikt fritak.

§ 18. Sikringstiltak

Landbruksdepartementet kan på kort varsel og utan vederlag til importør eller eksportør, stoppa innførsel eller utførsel av levande svin dersom særskilde tilhøve når det gjeld avsendarlandet sin dyrehelsesituasjon eller andre tilhøve skulle tilseie det.

§ 19. Straffevilkår

Brot på vilkåra som er gjevne i denne forskrifta er straffbar, jf. husdyrlova § 19.

§ 20. Iverksetjing og overgangsordningar

Denne forskrifta blir sett i verk 1. januar 1999. Frå same dato blir forskrift av 14. oktober 1994 nr. 932 om dyrehelsemessige betingelser for innførsel og utførsel av levande svin innanfor EØS oppheva.

Vedlegg A. Administrative einingar som tilsvarar region

Norge	fylke
Danmark	Amt
Sverige	län
Finland	Lääni/län
Belgia	province
Tyskland	Regierungsbezirk
Frankrike	département
Italia	provincia
Nederland	RVV-Kring
Storbritannia	county
Skottland	district, island area
Irland	county
Spania	Provincia
Portugal	distriti, regio autonoma
Østerrike	Bundesland

Vedlegg B. Liste over godkjende tredjeland

ISO-kode		Tilleggskrav ved innførsel frå visse tredjeland
AR	Argentina	
AU	Australia	
BY	Kviterussland	Mellombels importforbod ¹
BG	Bulgaria	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
		fra provinsene Varna, Dobrich, Silistra, Choumen,
		Targovichte, Razgrad, Rousse, V.Tarnovo, Gabrovo,
		Pleven, Lovetch, Plovdiv, Smolian, Pasardjik, Sofia
		district, Sofia city, Pernik, Kustendil, Blagoevgrad,
		Vratza, Montana, Vidin, Mihialovograd, Veliko og
		Tolbouhin ^{2, 6}
CA	Canada	Negativ test for ektoparasittar, leptospirose,
		nysesjuke, svinedysenteri, svineinfluensa, TGE,
		tuberkulose, virusencefalitt ⁴
EE	Estland	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
IS	Island	
HR	Kroatia	Mellombels importforbod ¹ frå områda Sisacko-
		Moslavacka, Karolvacka, Licko-Senjiska, Brodsko-
		Posavska, Zadarsko-Kniska, Osjecko-Baranjska,
		Sivenska, Vukovarsko-Srijemska, Splitsko-Dalmatinska,
		Dubrovacko-Neretvanska
		Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
		frå områda Zagrebacka, Krapinsko-Zagorska,
		Varazdinska, Koprivnicko-Krizevacka, Bjelovarsko-
		Bilogorska, Primorsko-Goranska, Viroviticko-Podravska,
		Pozesko-Slavonska, Istarska, Medimurska og Grad Zagreb
CY	Kypros	Garanti mot vaksinasjon med munn- og klauvsjuke og
		klassisk svinepest, samt negativ serologi mot
		svinepest ³
LV	Latvia	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
LI	Litauen	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
MT	Malta	
NZ	New Zealand	I dei siste 12 månadene skal det ikkje ha vore utbrot
		av eller vaksinert mot vesikulær stomatitt, klassisk
		svinepest, Afrikansk svinepest, Teschen disease,

		smittsamt blæreutslett eller vesikulært exantem ⁵
PL	Polen	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
RO	Romania	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
RU	Russland	Mellombels importforbod ¹
SK	Slovakia	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
SI	Slovenia	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
CH	Sveits	
CZ	Den	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
	tsjekkiske	før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
	republikk	
HU	Ungarn	Utvida førehandsvarsel på 48 t. Minst 15 d. karantene
		før sending, negativ serologi for munn- og klauvsjuke ²
US	USA	

- 1 Jf. Kvedtak 93/242/EØF Annex A.
- 2 Jf. Kvedtak 94/81/EF og Kvedtak 93/242/EØF Annex B.
- 3 Jf. Kvedtak 96/650/EF.
- 4 Jf. Kvedtak 83/494/EØF.
- 5 Jf. Kvedtak 93/491/EØF.
- 6 Jf. Kvedtak 98/372/EF.